



Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 2, påskenummer 2004



Ved.
Olav Meltvik



Alt me fekk då alt han gav

Overskrifta er ei lita omskriving av overskrifta til diktet av Haldis Reigstad, som står på baksida av bladet.

Det er ikkje alltid så lett å sjå og forstå kor stor ei gavé Jesus gav oss då han leid og døydde på krossen.

Johannes døyparen sa det slik, då han såg Jesus koma gåande mot seg: "Sjå der er Guds lam, som ber verdsens synd !" Joh. 1. -29.

Og det er det tekstane i påskehelga fortel om : Jesus døydde på krossen Langfredag for å ta bort våre synder. Vilkåret er å tru og ta i mot. Å taká mot ei gavé plar gjera oss takksame og glade. Kor uendeleg glade og takksame kan me ikkje då vera for den største gáva me kan få : Nåde, frelse og æveleg liv. Me ser, når me les i Bibelen, at Jesus ved fleire høve seier til dei han hev lekt : "Trua di hev frelst deg"

Å tru på Jesus og hans frelsarverk er veldig viktig. Eg hev høyrte mange seia at dei trur at det finst ein Gud, ein skapar, men Jesus hev dei større vanskar med. Det gjer ofte vondt å høyra. Dei hev ikkje slik som Gammel- Dag Bjørndal i boktriologien "Bakom synger skogene", kome fram til at som han sa på si dødslege : " Ingen vei går utenom Kristus".

I Joh. 14. 6 seier Jesus : "Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg." Me kan då slå fast at der er berre ein veg til Faderen, til Guds rike og til æveleg liv. Det er Jesus.

I Joh. 1. 12 står det: "Men alle som tok i mot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.

Det er ikkje alltid like lett å tru. Då kan det vera til trøyst at i Lukas 17. 5 bed læresveinane "Gjev oss meir tru". Også dei trong meir tru.

Hallesby skreiv ein gong i ei andaktsbok : "Mon der finnes noen bønn som er nødvendigere for oss å be." Gjev oss meir tru.

Vel møtt i kyrkjene på Osterøy i påskehøgtida !

*Redaksjonen ynskjer alle lesarane ei velsigning
påskehøgtid og ein fin vår.*

Nytt liv

Om våren ikkje er komen enno, så ser eg teikn på at det går mot vår. Snøklokken har blømt lenge alt, og eg ser spiret som varslar at fleire blomar er på veg til å koma. Om litt er det ulike sortar blomar som blømer, til glede for den som vil sjå. Eg er ikkje glad i løvetann. Men eg kan ikkje anna enn undra meg over den enorme krafta som får løvetannen til å bryta seg veg gjennom asfalt, og store hindringar. Det nye livet bryt seg veg, trassar hindringar og kjem fram i dagen. Ja, våren er ei herleg tid.

Påsken er også ei tid med nytt liv. Når me talar om nytt liv, er det død som går føre. Slik er det i naturen, og slik er det også med det store som hende i påsken. Jesus døydde og stod opp att. Døden høyrer med til påske. Jesus døydde verkeleg. Han var ikkje berre skinndød. Langfredag tok livet slutt, for Jesus, og lærresveinane hans var knuste. All von var ute. Dei hadde ikkje venta at det skulle enda slik. Difor kom påskedag som ei stor overrasking for dei. Dei var ikkje innstilte på oppstoda. Dei kunne knapt tru det dei fekk høyrja: **Jesus lever**. Han hadde fått nytt liv.

Nytt liv lovar Jesus til den som tek imot han. Så sterk er han, at han har liv, ikkje berre til seg sjølv, men til alle som kjem til han. Du kan ikkje gje deg sjølv nytt liv. Ingen kan føda seg sjølv. Alle som har vore med på ein fødsel, fortel at det er noko av det største dei har opplevt, når eit nytt menneske kjem til verda. Me kan gjerne bruka uttrykket "under" om det som skjer. "og etter som eit under, nytt liv av daude gror". I vårtida syng me ofte desse orda frå songen "No livnar det i lundar".

Under er det når nytt liv av daude gror. Under er det når eit barn vert bore til dåpen. Gud gjer det til sitt barn, gjev det sin Ande og overlet det til sin kyrkjelyd. Han let det ikkje veksa opp i drivhus der det får dei beste livsvilkåra som finst. Han overlet barnet til "sin truande kyrkjelyd". Det vil seia at **me, du og eg** får eit stort ansvar for dåpsborna. Kva gjer du for borna som vert døypte? Kyrkjelydane gjer ein heil del, fadrane gjer noko, og foreldra har den største oppgåva.

Nytt liv får den som lever i trua på Jesus. Kristendom er ikkje noko som har med forstand å gjera, ikkje noko berre dei religiøse har sjanse på. Kristendom er for alle som trur på Jesus, og tru har lite med vit å gjera. Kristendom har med livet å gjera, og livet har med Jesus å gjera. Han fekk nytt liv, og han lovar nytt liv til alle som kjem til han. Og det er ikkje berre dei små som kjem til han. Bibelen fortel om mange som kom til han. Dei kunne ikkje forklara alt, men dei kom, og dei fekk høyrja: **Trua di har frelst deg**. Dei fekk nytt liv, ny von, ja, alt vart nytt.

Eit Guds under hender når han gjev nytt liv. Det er eit bibelvers eg er glad i, ja, det er mange, men det er eitt eg ikkje kan halda opp med å takka for. Det er orda av Jesus: **Eg lever, og de skal leva** (Joh.14,19). Jesus lever, og han gjer deg levande. Tru på Jesus gjer deg levande fordi han lever. Nytt liv er hans gåve til deg i dag!

Johannes Melve

OSTERØY PREST-EGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Halldis Midtun	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «


Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

”Ja vi elsker”

Av Einar J.Selvik



Historien denne gang skal dreie seg om helt unge Selviks debut på de sju hav. Året var 1956 og gutten var, som skrevet står ladet med mot i brystet og stål i bein og armer, selv om det kan diskuteres hvor mye vett det var i panna. Med andre ord en helt normal, sunn norsk ungdom. Her skulle verden få se gutten i røyken.

Skipet jeg skulle ombord i var M/S "Sandanger", et av Westfahl Larsens linjeskip. Den gikk i linjefart mellom Europa og vestkysten av USA. Min stolte tittel ombord var messegutt, og arbeidsplassen var mannskapsmessa.

Det var ikke mange dagene gått før gutten måtte erkjenne at sjølivet var en oppskrytt levevei, og etter kryssing av Atlanteren i tildels dårlig ver med mye mating

av krabbene, kan man vel si at den nærmeste framtiden fortonte seg heller mørk. Kontrakten lød nemlig på 18 mnd. og avmønstring i nordeuropeisk havn. Det kan ikke nektes for at hjemlengselen satt som en kniv i brystet.

Det må dog nevnes at da vi kom inn i Karibien og fikk "flatt hav" steg det mentale barometeret flere hakk, og da vi gikk gjennom Panamakanalen var tankene på heimen dukket ned i underbevistheten.

Vårt første anløp på vestkysten var Long Beach, California. Der skjedde det som egentlig er dagens historie : I innseilingen til byen lurte jeg på hvorfor skipperen beordret en av matrosene til å stå klar til å hilse med vårt splitflagg på gaffelen på aktermasten. Vi førte post og dermed hadde vi lov til å

føre splitflagg.

Plutselig ljomet vår kjære nasjonalsang : "Ja vi elsker" utover den vakre innseilingen, og oppe på San Pedro –siden kunne skimtes det norske flagget utenfor en vakker bygning oppe i åsen. Det var sjømannskirken i San Pedro, mitt aller første møte med sjømannsmisjonen. Jeg må uten skam berette at tårene sprutet, både av stolthet som norsk nordmann fra Norge, men også av noe annet. Kanskje det var lettelse. Lettelse over at selv om jeg var 10.000 km. hjemmefra så var der en heim her og. Da vi la til kai, hvem andre enn sjømannspresten sto på kaien og var første mann ombord. Han hadde med aviser hjemmefra, og inviterte alle som ville hentes etter arbeidstid til kosekveld på kjerka. Gjett hvem som tok i mot tilbuddet: En nesten

like ung Selvik med atskillig mindre mot i brystet og atskillig mer vett i panna.

Som en kuriositet kan nevnes at

min karriere på sjøen varte helt til 1978, så sjølivet var kanskje ikke så verst likevel? Årsaken kan vel og være at i de fleste større

havner var der en sjømannskirke. Avstanden til heimen virket ikke fullt så lang som den elles ville gjort.


Min salme

Denne gongen er det Asbjørn Askeland som har valt sin salme, han skriv:

Her er så mange kjende og kjære salmar i Norsk salmebok at det kan vera vanskeleg å plukka ein spesiell som min salme,
men eg har valt ut denne, nr. 336.

Å, kor djup er Herrens nåde –
som eit hav så djup og vid!
Å, kor kjærleg er hans rettferd,
som kan meir enn gjera fri!
Det er ingen som kan kjenne
våre sorger slik som Gud,
ingen domar som så venleg
slettar brot og synder ut.

Det er rikeleg forløysing
i vår Jesu dyre kross.
Det er song og evig glede
i det blod som rann for oss.
Og vart hjarta fylt av kjærleik
ved vår tru på ordet hans,
då vart livet til ein stråle –
av Guds herlegdom og glans.



Tekstforfattar til salmen var F. W. Faber 1862. Omsett av Arve Brunvoll 1978. Melodien er folketone frå Tyrol. Eg utfordar Aksel Solberg om å senda inn sin salme.



Velkommen til kyrkja

4.april Palmesundag . Joh.12,12-24.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Prostiprest Werner Larsen. Dåp. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

Gjerstad kl.11.00. Familiemesse. Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Familierådgivingskontoret i Bjørgvin. Kyrkjekaffi

8.april Skjærtorsdag. Jes.53,1-5.

Bruvik kl.18.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd.

Hosanger kl.19.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon

Haus kl.20.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Radio Osterøy/P7.

9.april Langfredag. Joh.18,1-19,30.

Haus kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve.

Hamre kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.

10.april Påskeaftan. Luk.24,1-12.

Hamre kl.23.00. Påskenattsgudsteneste. Skeie. Melve. Nattverd.

11.april Påskedag. Joh.20,1-10.

Haus kl.09.00. Morgonsong. Melve. Påskefrukost etterpå i kyrkjelydshuset.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Skeie. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

12.april 2.påskedag. Joh.20,11-18.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp. Takkoffer til Kirkens bymisjon

Bruvik kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld. Tale av Paul Odland.

16.april

Hosanger kl.18.00. Samtalegudsteneste. Skeie og konfirmantane.

18.april 1.sundag etter påske. Joh.21,1-14.

Haus kl.11.00. Familiemesse. Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

22.april

Gjerstad kl.19.00.

Samtalegudsteneste. Prostiprest Werner Larsen, Melve og konfirmantane.

23.april

Hamre kl.18.00.

Samtalegudsteneste. Skeie og konfirmantane.

24.april

Gjerstad kl.14.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Prostiprest Larsen og Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

25.april 2.sundag etter påske. Joh.21,15-19.

Gjerstad kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Prostiprest Larsen og Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Skeie. Song av Astrid Mjøs. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hosanger kl.17.00.

”Syng med oss”

Bruvik kl.19.00.

Samtalegudsteneste. Prostiprest Larsen og konfirmantane.

2.mai 3.sundag etter påske. Joh.14,1-11.

Bruvik kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Prostiprest Larsen og Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl.19.00.

Lovsongskveld. Alf R. Kallestein talar. Osterøy kyrkjekor syng

6.mai.

Haus kl.19.00.

Samtalegudsteneste. Melve og konfirmantane.

9.mai 4.sundag etter påske. 1.Joh.4,10-16.

Haus kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.11.00.

Konfirmasjonsrådgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

16. mai 5.sundag etter påske. Matt.6,6-13.

Gjerstad kl.11.00.

Høgmesse. Melve.

Nattverd. Takkoffer til Blå kors

17.mai Grunnlovsdagen. Salme 121.

Haus kl.10.00.	Familiegudsteneste. Guds-tenesteleiar Kallestein. Takkoffer til Osterøy frivillighetssentral.
Hamre kl.10.00.	Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til NKSS (Skulelaget).
Bruvik kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Redd Barna
Hosanger kl.12.00.	Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Redd Barna.
Gjerstad kl.12.00.	Familiegudsteneste. Kalle-stein. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

20.mai Helgetorsdag. Ap.gj.1,1-11.

Hamre kl.11.00.	Høgmesse.Skeie. Dåp. Nattverd. "Glad sang" frå Eidsvåg. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
-----------------	---

23.mai 6.sundag etter påske. Joh.17,9-17.

Haus kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Natt-verd. Takkoffer til Norsk Gideon.
Hosanger kl.17.00.	"Syng med oss".

30.mai Pinsedag. Joh.14,15-21.

Gjerstad kl.11.00.	Høgtidsgudsteneste. Mel-ve. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon.
Hosanger kl.11.00.	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Norsk luthersk misjonssamband.

31.mai 2.pinsedag Joh.6,44-47.

Hamre kl.11.00.	Familiemesse. Biskop Ole D. Hagesæter. Dåp. Natt-verd. Takkoffer til kyrkje-lydsarbeidet.
-----------------	---

6.juni 1.sundag etter pinse.(Treeiningssundag) . Jes.6,1-8.

Raknestunet. Kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. Sundagsskuleavslutning.
------------------------	--

Bruvik kl.11.00.	Høgmesse. Skeie. Natt-verd. Takkoffer til Normisjon.
------------------	--

Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld.
--------------------	----------------

13.juni 2.sundag etter pinse. Luk.12,13-21.

Gjerstad kl. 11.00	Familiegudsteneste. Skeie. Song av "Teletonen". Takkoffer til kyrkje-lydsarbeidet.
--------------------	--

Haus kl.19.00.	Gudsteneste. Skeie. Natt-verd. Knut Rønnestad frå
----------------	---

Sjømannsmisjonen preikar.
Takkoffer til
Sjømannsmisjonen.

20.juni 3.sundag etter pinse. Luk.19,1-10.

Haus kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelyds-arbeidet. Grillfest i prestegardshagen etterpå.
----------------	---

Kossdal kl.12.00.	Friluftsgudsteneste. Skeie.
-------------------	-----------------------------

27.juni 4.sundag etter pinse. Luk.15,11-32.

Hamre kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Natt-verd. Takkoffer til Norsk Lutherisk Misjonssamband.
-----------------	---

Vassdal skule kl.19.00.	Gudsteneste Melve. Takk-offer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
-------------------------	--

Kyrkjeskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Kyrkjeskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast
pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59

Einar Johnny Selvik 98 06 48 54

Sigrid Mjelde 56 39 01 04

Kyrkjeskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskesteth
tlf. 56 39 18 21

Otto Mo tlf. 56 39 19 42

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:
Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

På besøk i bufellesskapet hjå Kristina og Anton Borge på Osterøytytunet



Her ein dag eg var på Osterøytytunet, tok eg ein tur innom Kristina og Anton. Dei hår fengé seg ei fin leilegheit i bufellesskapet. Store fine vindauge i stova og kjøken, kjøkenet er i lag med stova, stort bad, soverom og gong, og dei har no fått plass til nokon av møblane sine.

Kor lenge sidan er det de flytta frå garden på Borge?

”For 19 år sidan overtok, dottera Åse og mannen hennar, Tom Bakken, garden og dreiv vidare. Anton klarte ikkje å driva meir, og då flytte me til huset på Reigstad på Valestrand.”

Kvífor ville de flytte her til bufellesskapet då?

”Jau, han Anton har budd på sjukeheimen på Hatland i 7 mnd, men no kan me vera i lag her

begge. Me føler oss så trygge og trivst så godt.

Heimesjukepleien kjem både morgen og kveld. Har me bruk for hjelp om natta, så er det folk frå Osterøytytunet som kjem.”

Anton set borti stolen sin og nikkar og smiler og er så einig.

Eg lurer på om det ikkje er noko dei saknar frå Reigstad og Valestrand.” Du hadde så fin hage, Kristina, og Anton hadde

verkstaden sin."

"Eg saknar både hagen og sjøen og den utruleg fine solnedgangen, men eg synes det er viktigare å bu i lag så lenge det går, og det let seg ikkje gjere i det gamle, koselege huset vårt. Eg saknar også svært alle dei gode naboane våre. Me hadde det så triveleg i lag."

Men trimmen om tirsdagane då?

"Jau den skal eg vera med på når det roar seg litt. Eg har no fått tilbod på skyss av han Kåre."

Når du skal handle kan du ikkje gå til Valestrand lenger.

"Nei, men familien kjører og hjelper meg med handling, og så

går no bussen rett bort i vegen."

Kristina og Anton har fått besøk av dottera Kjersti som bur på Kongsvinger, så no fekk me kaffi og kaker. (Gode krumkaker, Kristina.)

Har de plass til overnattingsgjestar då?

"Ja, me har ei gjesteseng som me set opp. Når me ikkje bruker den så har me ei fin bod som me kan setja ting i, så det går fint. No må du koma og sjå den fine altanen vår, seier Kristina, eg gler meg til våren så me kan sitja ute."

Ja, den var fin. Ein stor del overbygd med plass til stolar og bord, og så ein mindre del som ikkje var overbygd.

Eg spurde om det var innskot på leilegheita, men det var det ikkje. Dei betalte kun husleiga. Det var godt å koma på besøk til dei, og me sat og prata ei stund. Dei var så fornøyde. Dottera Kjersti syntes og dei hadde fått det svært fint og koseleg.

Men eg måtte "ta til vitet" og kjøre heim att, og dei andre ville laga seg middag.

Er det nokon som lurer på om dette er noko for dei, så trur eg at når behovet er der, så vil det gå svært bra.

Elna Mjeldstad.

Jubileum for misjonsforeining

2. november kunne Mjøsdalen Misjonsforeining feira 120 jubileum. Dette vart markert på gudstenesta

i Hosanger. Misjonsprest Arve Hansen Haugland var med på gudstenesta. Misjonsforeininga hadde laga

til flott kyrkjekaffi etter gudstenesta og der var det helsingar og eit historisk tilbakeblikk.



Foto: Framme: Einbjørg Vikesund, Ingrid Hatland Røslund, Aslaug Mjøs, Margit Hartveit, Anna Heldal
Bak: Liv Mjøs, Else Hole, Gunnhild Mjøs, Anna Hoshovde, Aslaug Asheim

Soknepresten har ordet

Konfirmasjon


Medan talet på konfirmantar har gått med i dei store byane, har det seg utruleg godt hjå oss. Denne våren er det årets konfirmantar som er på plass i kyrkjene. Dei fylgjer ein gamal skikk. Heilt frå 1736 har det vore konfirmasjon her i landet. Ordet konfirmasjon tyder anten stadfesting eller styrking. Men er konfirmasjonen berre ein gamal skikk? Mange gamle skikkar går til grunne i våre dagar. Konfirmasjonen har halde seg godt.

Grunnane til det er nok fleire. Her skal eg ikkje prøva meg på forklaring, men eg vil heller seia litt om kva konfirmasjonen er, og ikkje er.

Konfirmasjonsdagen i kyrkja er forbøn Det spesielle konfirmantane er med på denne dagen, er at namna dei vert lesne, og dei får ei forbøn for kvar einskilt. Elles er konfirmantane som

alle andre i kyrkja. Dei får oppmoding til å vera med på truedkjenning, salmar og bøner som alle andre. I gamle dagar var konfirmasjonen ei stadfesting av dåpspakta. Slik er det ikkje lenger. I tidlegare tider lova konfirmantane å leva i si dåpspakt. Lovnaden fall etter kvart bort. I dag er hovudinnhaldet forbøn for kvar einskild konfirmant. Dei har ikkje lova noko dei ikkje har sjanse til å halda. Forbøn vil dei aller fleste vera med på, og det er godt å få forbøn.

Så står det att å ynskja konfirmantar og familie lukke til. Dei har ei spennande tid framfor seg. Ei travel tid med førebuingar fram til den store dagen. Og midt i den travle tida kjem den dagen alle har sett fram til, med ulike kjensler. Så er òg dagen for stille, ro og ettertanke. Den som står midt oppi det, kjenner det nok



ikkje slik. Men Gud har noko å gje, og forbøna er det beste konfirmantane tek med seg frå kyrkja denne dagen.

J.M.

Familiemesse

I fjor kom ei ny ordning for familiemesse. Dette er ei ordning som utfyller familiegudstenesta, men som skil seg ut som ei ny ordning på ymse punkt. Den nye familiemessa har nattverd som ei normalordning, og dåpspåminning er med i dei tilfella det ikkje er dåp.

Ordninga kan brukast som eit alternativ til familiegudstenestene. For dåpspåminninga er det laga ny musikk. Me vil ta den nye familiemessa i bruk i Gjerstad ,4/4, Palmesundag og i Haus 18/4 i samband med at dåpsskulen for 5åringar sluttar av.



På kyrkjebakken

Sundagsskuleavslutning på Raknestunet 6.juni

Den årlege avslutningsdagen for sundagsskulane vert som vanleg på Raknestunet 6.juni . Dagen startar med familiegudsteneste, så vert det matpause , leikar og ymse program.

SYNG MED OSS

Det vil verta to "Syng med oss" samlingar i Hosanger kyrkje til våren:

25. april og 23. mai – begge gonger kl. 17.00. Her vil vi syngja ein god del, både gamle og nye songar. Du kan koma med forslag til kva vi kan syngja. Det vert også ei enkel servering.

Tankar ein vinterkveld

Dette har redaksjonen fenge frå ein anonym innsendar.

Trua mi er ikkje alltid like sterk og sikker. Peter, ein av lærersveinane strevde og litt med trua, men Jesus helt han fast. Det tenkjer eg på.

Dei fleste opplever dagar som kan vera tunge å kome gjennom. Det er ikkje alltid ein klarer å hente fram trua på slike dagar. No i kveld har eg tatt fram eit lite, enkelt dikt eg skreiv for mange år sidan.

Det er eit sommarleg og lyst dikt.

Denne vinterkvelden er tung, men eg veit at lysare kveldar – morgonar vil komme.

Eg ser dogdropar i graset
små blinkande myriader.
Eg ser blomar
Dei strekkjer seg mot dagen.
Eg ser blad på trea
dei bevegar seg forsiktig i vinden.
Eg ser morgonens solstrålar
Dei varmar meg og løfter meg opp.
Eg tenkjer på ein veldig Skapar.

Basar

Sundag 2.mai kl.16.00. er det basar i Haus kyrkjelydshus.
Kyrkjelaget står for basaren som er til inntekt for huset. Borghild Melve held andakt. Det er eit fint høve til ettermiddagskaffi i lag med andre.
Alle velkomne !

50 års konfirmant jubileum til hausten:

Hamre 29. august
Hosanger 5. september

Barneåret i Bjørgvin



Barneåret går mot slutten. Me har likevel ei storhending att.

2.pinsedag kjem biskop Ole D. Hagesæther til Hamre. Det vil seia at 2.pinsedag på Hamre i år markerer slutten på barneåret hjå oss. 2.pinsedag på Hamre er samling for heile prestegjeldet. Kulturdagane opnar etter gudstenesta.

DÅP

Det høver med dåp desse dagane.

Haus: 18/4 , 23/5 og 20/6
Hamre: 4/4, 10/4, 20/5 og 31/5.
Gjerstad: 4/4, 11/4 og 13/6
Hosanger: 12/4 og 30/5
Bruvik: 12/4 og 6/6

Konfirmantar våren 2004

Konfirmantar i Gjerstad laurdag 24.april kl.14.00.

Lovise Mari Antun Hopsdal
Eirik Fotland
Aagot Eline Milde
Evelynn Bratland Mjelstad
Trine Nordpoll
Lene Katrine Njåstad
Richard Nøttveit
Elise Revheim
Annelin Risnes
Kenneth Kvarven Skjerping
Anniko Røiseth Solberg
Silje Alice Solberg
Henriette Tinbod

Konfirmantar i Gjerstad sundag 25.april kl.11.00.

Hans Ole Daltveit
Daniel Fossbakken
Sindre Fotland
Hanne Fossdal Gjøstein
Mats Neu Hatland
Christer Nygård Lidotun
Heine Lohne
Malin Maria Mjelde
Malin Gjøsæter Mjelstad
Karina Nilsen
Eirik Bjørndal Njåstad
Remi Bøe Presttun
Marie Kristine Rød
Kine Terese Rønnestad
Stine Anita Birkaas Solberg
Ingrid Soltvedt
Henrik Tveiterås
Stian Tysse
Malin Røsland Teigland
Janne Daltveit
Hanna Eikemo Waring

Konfirmantar i Hosanger 25. april kl. 11.00:

Espen Hauso Bernes
Kristine Lavik Bernes

Nora-Marie Fure Fjellskål
Olina-Karin Fossdal
Linn Nordås Fotland
Camilla Rongved Hanstvedt
Silje Hay
Jørn Hellevang
Thomas Hole
Ane Skare Holen
Ingye Neu Hoshovde
Ann Kristin Bolset Kleppe
Malin Mandelid Kleppe
Andreas Elvik Litland
Nicolas Bjørnsønn Ludvigsen
Sandra Hoshovde Matre
Simon Kleppe Røskeland
Hanne Christine Tysse
Skjerping
Eirik Aakre Svensson
Ingrid Beckstrøm Vedå
Ingrid Øvsthus

Konfirmantar i Bruvik 2.mai

Natalie Andersen
Anders Bruvik
Iris Hagenes
Even Hekland
Sindre Hekland Mjelde
Glenn Olsnes
Erlend Nøttveit Seilen
Steffen Vik

Konfirmantar i Hamre 2. mai kl. 11.00:

Steinar Daltveit
Ole Martin Valestrand
Edvardsdal
Helge Fjellby
Emil Farissøn Hartveit
Marina Lohne Hermansen
Renate Lohne Hermansen
Therese Edvardsen Kallekleiv
Stine Marie Mjelstad
Henrik Revheim
Dag Riise

Daniel Aleksander Røskeland
Erlend Vatle Sandgren
Ole Karsten Solberg
Kay Kaland Stamnes
Maren Vedå
Cecilie Strømsnes Vik
Trond Fossdal Århus

Konfirmantar i Haus 9.mai

Stian Birkeland
Camilla Bordvik
Natalie Edvardsdal Hekland
Karoline Fredrikke Hestnes
Ørjan Rivenes Johnsen
Kristian Loeshagen
Silje Vatle Mjelde
Merethe Kristin Rogde Mjånes
Jeanette Sørensen Presthus
Jan Cato Telle
Daniel Aune Tennebekk
Helge Torp
Marie Røskeland Vatle
Jørjan Aasheim

Konfirmantar i Hamre 9. mai:

Helene Bleikli
Anja Myking Bolstad
Olav Børteit
Edith-Caroline Daltveit
Tore Daltveit
Eivind Martin Elvik
Maria Helen Rundhovde Greve
Steinar Hagenes
Miriam Skjelvik Kalland
Krister Kallekleiv
Vegard Askeland Mjelstad
Camilla Mosevoll
Renate Nordpoll
Linn Reigstad
Silje Marie Indrebø Raa
Marielle Skår
Morten Tolleshaug
John Einar Tveiten

Bibelen eller folkemeininga?

Når dei gamle, sanne profetane forkynte for folket, byrja dei ofte med orda: "Så seier Herren." Det var ikkje alltid nokon lett bodskap dei hadde å gå med, men dei måtte tala sanninga, fordi Gud baud det, anten det no var til tukt eller trøyst. Då djevelen freista Eva i Paradis, byrja han på ein annan måte: "Har Gud verkeleg sagt?" Og så kom bortforklarings og freistainga: "... augo dykkar (vil) verta opna, de vil verta som Gud og kjenna godt og vondt." (1. Mos. 3, 1 – 4).

Me gjer rett i å prøva vår eiga tid og våre eigne tankar opp imot Guds ord. Eg tykkjer det er påfallande kor ofte me møter spørsmålet frå freistingsdagen i Paradis i dag: "Skal me forstå Bibelen slik?..." "Me må vel forstå det på ein annan måte i vår tid?"..."Me skal vel ikkje ta dette bokstavleg?" Det gjeld fleire aktuelle spørsmål som er oppe i tida: Spørsmålet om homofilt samliv er eitt av dei. Det vert kalla "skammeleg utukt" i Rom.,1,26ff. Me kan og nemna heterofile sambuartilhøve og abortsaka. Offisiell politikk har for lenge sidan godkjent desse. Og mange i posisjonar innan kyrkja vil godta både heterofilt og homofilt samliv som rett kristeleg, og abort vert det snakka lite om. Det verkar som om sekularisert (verdsleg) tankegods har trengt så inn i oss at me har vorte sløve og har sluttat å tenkja slik som Bibelen lærer oss. Eg vil og nemna ein feminism i opposisjon til Bibelen si ordningslære som eg trur har gjort skade i heim og kyrkje. Kanskje me skulle leita fram at Bibelen sine rettleiingar på dette feltet og. (T.d. Ef. kap. 5)

Mange seier at me må leva med

ulike syn på ymse samlivsformer i kyrkje. Eg trur at det er gale. Ei kyrkje som er komen så i strid med seg sjølv i viktige spørsmål som Bibelen talar klårt om, må ha vanskar med truverdet sitt. "Den norske kyrkja" og deler av dei kristne organisasjonane har vorte så godt tilpassa eit verdsleggjort samfunn, at det er vanskeleg å oppdaga den kristne eigenarten. Mange ser det vel, men mange kvir seg for å seia ifrå. Og dei som gjer det, får svi.

I Salme 119 vert det halde fram kor viktige Herrens ord er: "Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen". (v.89) "Ditt ord er ei lykt for min fot og eit ljós på min sti."(v.105) "Dine bod gjer meg visare enn mine fiendar, .." (v.98) Når orda dine opnar seg, gjev dei ljós, dei gjev vit til einfaldige." (v.130)

Jesus sa dei sterkeste orda me har i Bibelen om kor gyldige Guds bod er: "...før skal himmel og jord forgå, før ein einaste prikk i lova fell bort." (Luk. 16,17). Jesus avlyste ikkje lova, han oppfylte ho.

Når me ser bort frå Guds bod og formaningar, får me hausta bitre frukter. Det er sett ei livslov inn i tilværet: "Det som eit menneske sår, det skal han og hausta." (Gal.6.7) Det gjeld for einskildmenneske, og eg trur at det gjeld for eit heilt folk.

Men lærer ikkje Bibelen at det er tilgjeving for synder? Jau, når syndaren vender om, angrar syndene sine og bed som tollaren i templet: "Gud ver meg syndar nådig." Men den som har fått forlating for syndene sine, skal leva det nye livet i dagleg omvending som det heiter i barnelærdomen vår: "Kva tyder

det å verta døypt med vatn? Det tyder at den gamle Adam i oss skal druknast ved dagleg anger og bot og døy med alle synder og vonde lyster, og at eit nytt menneske dagleg skal stiga fram og stå opp og leva æveleg for Gud i rettferd og reinleik." (Luthers vesle katekisme.) Kva sa Jesus til kvinne som han fridde frå farisearane etter at ho var gripen i ekteskapsbrot? "Så dømer ikkje eg deg heller. Gå bort og synda ikkje meir." Dei som vil ha rett til å leva vidare i sine synder same kva det måtte vera, må venda om . (1.Kor. 6,9-11). Det same må og dei som forandrar klåre bibelord etter sitt eige hovud (og folkemeininga) slik at dei fører andre til fall. Ordet dømer dei – det som aldri "fell bort".

Alle som er glade for at me framleies har ei kristen kyrkje i vårt kjære fedreland, skulle bruka god tid til å lesa i Bibelen. Sundagane er gode å bruka til det. Då ville Bibelen sine tankar få prega oss meir. Det trengst i ei tid med eit sterkt mediepress. Og det ville fremja evangeliet iblant oss. Og eg trur at me ville få eit betre samfunn.....

Visst me overser boda og formaningane i Bibelen, så har me i grunnen ikkje bruk for evangeliet heller. Me greiar oss så godt sjølve. Visst me tek boda og formaningane på alvor, er Kristus vår einaste von, han som sona alle våre synder då han leid og døydde på krossen i vår stad. For me er alle syndarar.. (1.Joh. 1,9-10.)

Øyvind Vevle

Feste av graver

Også denne gongen vil me gjenta reglane for feste av graver i Osterøy:

Etter gravlegginga gjeld ein friperiode på 30 år. For ektefellegraver (dobelgrav) gjeld dette for tida etter den som sist vart gravlagd.


Etter dei fyrste 30 åra kan så grava festast for nye 30 år, med betaling for 10 år om gongen.

Festeavgifta er for tida kr. 60,- pr. år, alstår kr. 600,- for ein 10 års periode.

Etter 60 år har foreldre eller born som framleis lever høve til å festa grava vidare for 5 år om gongen, elles er festetida ute og grava fell tilbake til kyrkjegarden og vert sletta.

Dersom De har ansvar for ei grav som er eldre enn 30 år som ikkje er festa, ser me gjerne at De tek kontakt med kyrkjekontoret, anten De ynskjer å festa grava vidare eller De ynskjer grava sletta. Dette vil vera til stor hjelp for oss i arbeidet med å finna fram til rett pårørande.

Teléfono til kyrkjekontoret er 56192280.



Sikring av gravminne

Av omsyn til tryggleiken på kyrkjegardane vil vi no minna om fårene for ulukker dersom gravsteinen ikkje er fullnøyande festa med boltar i sokkelen. Vi ber dei pårørande til gravminne tek turen til kyrkjegarden, og ser til om gravsteinen er sikra etter dagens forskrift.

Når kyrkjekontoret får melding med namn og stad, vil vi sikre steinen ved første høvet.

Rydding på kyrkjegardane

Måndag 26. april tek vi til med den årlege ryddeaksjonen rundt om på kyrkjegardane i Osterøy. Pårørande som ynskjer sjølve å take vare på kransar og anna vinterpynt må altså fjerne dette før denne datoен.

På enkelte gravminner er det montert lykter på ein slik måte at når ein køyrer grasklipparane er det lett å koma borti og øydeleggja lyktene. Ver venleg og sjekk dette, og helst ta av lykta i sumarhalvåret.

I høve den økonomiske situasjonen for Kyrkjeleg fellesråd, og kor kostnadene på bosstransporten er knyta opp til mengde boss-spann, håper vi at organisk avfall vert sortert til kompost, men at plast, papir, isopor og liknande ver kasta i spanna. Kvart år vert det mykje ekstra arbeid fordi folk ikkje tek seg tid til å sortere avfallet.

Vi vonar at vi saman kan gjøre vårt beste for at kyrkjegardane kan vere ryddige og velstelte.

Familie-nytt



HAUS

Døypte:

01.02.04 Sebastian Åsheim Fanebust (døypt i Vikøy kyrkje i Kvam)

01.02.04 Sofie Åsheim Fanebust (døyp i Vikøy kyrkje i Kvam)

15.02.04 Rikard Stokke

15.02.04 Emelina Fossheim Galaz

Gravlagde:

02.03.04 Ellinor Birkeli (f. 1921)

GJERSTAD

Døypte:

15.02.04 Hanne Weronika Myking

14.03.04 Patricia Alexandra Barnato (døypt i Haus kyrkje)

Gravlagde:

11.02.04 Haldis Risnes (f. 1914)

20.02.04 Kari Brekke (f. 1914)

HAMRE

Døypte:

07.03.04 Nicolai Kjøsnes Kallekleiv

07.03.04 Kristian Borgan Fosmark

07.03.04 Randi Indrebø

Vigde:

28.02.04 Linn Kalland og Tor Espen Pettersen

Gravlagde:

19.02.04 Sigurd Eide (f. 1925)

HOSANGER

Døypte:

14.03.04 Nikolai Merkesvik

14.03.04 Maja Birkeland

Gravlagde:

04.03.04 Bjørnhild Tysse (f. 1918)

05.03.04 Erling Martin Kleppe (f. 1913)

Bisett:

26.02.04 Marta Tepstad (f. 1917) bisett i
Håpets kapell

Jesu namn

Ditt namn er ei kraft
mot myrkemakts tankar
ditt namn er ei kraft
når hjarta mitt bankar
i redsle og gru
då hev eg mi tru
min Frelsar er du.

Ditt namn er ei kraft
i tungsame dagar,
ditt namn er ei kraft
når allting seg lagar.
Du gjekk til din far
og synda vår bar
vår bøn får til svar.


Ditt namn er ei kraft
mot alt som kan hende,
ditt namn er ei kraft
når vegen tek ende.
Til himmelens hamn
me då stemna fram
i kraft frå ditt namn.

Olav Meltvik



Alt vi fekk då alt du gav

av Haldis Reigstad



*Jesus, du har opna døra
som går inn til Gud, vår far.
Du som sit på kongetrona,
evig liv i deg vi har.
Dommen vår du fekk i byte
då du utan mein og lyte
svara ja til død og grav.
Alt vi fekk då alt du gav.*

*Jesus, du er himmelbrødet
som kan metta sjela vår.
Den som tørstar, skal få drikka
av di kjelde, rein og klår.
Du vart spotta og forakta,
audmjuk, kledd i tenardrakta
opna du vår stengde grav.
Alt vik fekk då alt du gav.*

*Jesus, du er sanningsordet,
Gud har fått i deg sitt ja.
Jord og himmel, alt som lever,
prisar deg, halleluja.
Dine naglemerkte hender
menneske sin lagnad vender.
Døden la du i di grav.
Alt vi fekk då alt du gav.*